

## ÅRSMELDING 2025

Det er avholdt 6 styremøter i løpet av perioden.

### *SØK-stiftinga:*

Styret har vore representert på stiftinga sitt årlege informasjonsmøte. VGU fekk 110 000,- i tilskot i 2025. Styret tildelte 111 500,- i tilskot til ulike tiltak i bygda – ref eiga oversikt over tildelingar.

I februar hadde SØK-stiftinga sitt styremøte i Vikebygd. Styret deltok i første del av møtet og informerte om bygda sine anlegg, organisasjonar, aktivitetar m.v.

Praksisen med blomster/velkomst til nyinnflytta er vidareført. Styret har og drøfta om ein kan/bør utvide dette med «guida tur» rundt i heile bygda uten at dette er starta opp.

Det flytte «jevnt og trutt» nye folk til bygda og det er viktig at dei blir tatt godt imot, blir kjent med naboar og andre, finn seg til rette, blir invitert inn i vennegjengar o.l – i det heile at dei trives og blir buande! VGU har drøfta ulike tiltak som t.d «fadderordning». men har så langt ikkje gjort noko meir. Her kan alle i bygda bidra og VGU tar gjerne imot både idear og personar som har lyst å ha ei rolle i eit slikt arbeid!

Styret (v/Gunnar) har gjennom året hatt mykje dialog med NAV kring busetting av flyktningar og nokre er nå på plass. Av desse er det så langt ingen barnefamiliar, men det er lov å håpe på at det endre seg!

Øyvind Valen har deltatt på eit styremøte for å informere om budsjettprosessen og fylkesmannen sine motsegner til kommuneplanen sin arealdel. Motsegnene gjeld m.a. tomtene som Ivar Ødegård ynskje å tilrettelegge for. Kommunen sin økonomi, færre ungar og langt fleire eldre vil gi store utfordringar i åra som kjem. Me treng tilflytting av barnefamiliar om barnehagen og skulen skal vere i drift om nokre år.

2026 er definert som «Totalberedskapsåret».VGU har begynt å tenkje rundt kva det inneber for oss/bygda og kva rolle VGU skal ha. Dette er eit arbeid som må tas vidare av neste styre.